



# **LOKAL FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE**

## **KUNSTFAG**

### **1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del**

#### **1.1 Lovforankring**

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

#### **1.2 Lokal organisering**

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

#### **1.3 Visjon for Time kulturskule**

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

#### **1.4 Overordna mål**

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag.

Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

## **1.5 Pedagogisk plattform**

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune. Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

## **1.6 Tildeling av elevplass**

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

## **1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje**

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

## **2. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen**

### **2.1 Kunstfag – gruppefag**

Store og lyse undervisningsrom

Sitteplasser ved bord

Elevane får egne skissebøker

Elevane får tilgang på utstyr av høg kvalitet

Ekstra lagerrom for utstyr og lagring av arbeide

Elevane får ein fast timelærer

Undervisningstid: 1-2 timar pr. veke

Undervisning fast kvar veke i grupper med 8 – 15 elevar

Undervisning i gruppe, med individuell tilpassing

Gruppene vert delt inn etter alder

Minimum to utstillingar i egna lokale pr. skuleår

Elevane har på/tar med eget arbeidstøy

Det er ekstra betaling for utstyr og materiell.

Dette kjem i tillegg til ordinær semesteravgift/ordinær elevbetaling.

Elevar på høgare nivå kan søkje seg inn på fordjupingsprogrammet Fredagsskulen.

Tilbodet er for elevar frå og med 7. trinn som syner særleg interesse og arbeidsinnsats.

Her får elevane utvida undervisningstid med auka vanskegrad.

Kulturskuleelevar på 10. trinn deltek i ein årleg produksjon og framsyning av ein tverrfagleg ungdomsmusikal.

## **3. Fagplan**

### **3.1 Kunstfag**

#### **Overordna mål:**

Det visuelle kunstfeltet i kulturskolen er vidt og dekker mange ulike uttryksmåtar og spesialiserte fagfelt.

Møtet med kunstnariske verkemidlar i form av ulike materiale, reiskap, teknikkar og ei inspirerende undervisning vil gje elevane moglegheit til å utvikla sine eigne personlege evner. Elevane sin fantasi og kreative flyt vert stimulert. Saman med skjerpa blikk og utprøvande hand bidreg dette til å forme den enkelte elev sin kunstnariske identitet.

#### **Gjennom arbeid med visuell kunst skal elevane:**

- Utvikle sin uttrykksevner, formsans og sine kunstfaglige ferdigheiter
- Utvikle sin ibuande skaparglede
- Opplive mestring
- Utvida sitt perspektiv og si kulturforståing gjennom utforsking av fortid, nåtid og framtid
- Utvikla evne til kommunikasjon, analyse og refleksjon i kulturskolen sitt gitte lærings- og arbeidsfellesskap
- Få moglegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for høgare utdanning i visuell kunst

#### **Forventningar og krav til læraren:**

- Skapa eit læringsmiljø prega av kreativitet og skaparglede, med fokus på prosess og oppleving av mestring
- Gje rom for eleven sin refleksjon kring eige arbeid
- Legge til rette for god fagleg progresjon og kontinuitet
- Stimulere elevane sitt personlege uttrykk og formidling
- Tilpasse undervisninga til den enkelte eleven si personlege forutsetning og evner
- Vektleggje eit godt samarbeid mellom heim - kulturskule - lærar - elev
- Legge til rette for erfaring med visningar/utstillingar

#### **Læringsmål for elevane:**

- Har grunnleggande materialkunnskap og meistrer utvalde teknikkar
- Oppliver skaparglede og faglig utvikling
- Lærer gjennom lek, utforsking, eksperimentering og refleksjon
- Har deltatt i kreative prosesser saman med andre elevar
- Har deltatt med sine arbeid på ein relevant visningsarena
- Har deltatt i skapande prosesser frå idé til produkt

### **Mål for undervisningstimane:**

Å skape er den mest grunnleggande kompetansen eleven skal tileigne seg, og mykje tid blir nytta til dette. Skapande prosessar kan starte med inntrykk, tankar og idear, og fortsette med konkrete forslag og skissearbeid. Eksperimentering og utprøving er viktig i den kreative prosessen. Gjennom prosessane vil elevane få erfaring med mange uttryksmiddel, teknikkar og læra å bruke reiskap, verktøy og utstyr hensiktsmessig.

### **Eleven sitt ansvar:**

Møte til rett tidspunkt til timane, halde orden på beskjedar og gjennomføre gitte heimeoppgåver. Ved fråvær skal han/ho gje beskjed til lærar/kulturskulen si administrasjon. Ha på/med egna arbeidstøy

### **Foreldre/føresette sitt ansvar:**

Oppmuntre til oppmøte og deltaking. Vise interesse for eleven sitt arbeide, læring og utvikling.

Ved fråvær skal dei gje beskjed til faglærer og / eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom elev møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med faglærer og/eller administrasjonen for på ein god måte å finne løysing på dette.

Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen, følgje med på kulturskulen si heimeside, lese og eventuelt respondera på sms og/eller mailsendingar frå faglærer og administrasjon.

### **Fagleg utvikling og nivå:**

Elevane delast inn i grupper etter alder og fagleg nivå.

Undervisninga skal ha tydeleg fagleg progresjon med auka vanskegrad og utvida læring frå tekniske basisferdigheter til varierte kunstnariske genre og uttrykk på generelt og personleg nivå.

Personleg tilrettelegging og tilpassing skjer ut frå det spillerom som ligg i den enkelte gruppe. Kvar elev skal verta sett og få tilpassa undervisning som følgjer den generelle utviklinga i gruppa. Det er normalt ikkje rom for ein-til-ein-undervisning i kunstfaggruppene.

Kvar gruppe har eigne plan for semester og skuleår som syner aktivitet, arbeidsform og eventuelt arbeidsmateriale/teknikk.